



Balestrand kommune



Barn frå Fjordtun på Galdhøpiggen

# Ungdomsplan

for Balestrand kommune

Balestrand mai 2014

## **INNHOLD**

|   |        |
|---|--------|
| 1. Bakgrunn for planen.....                                 | side 3 |
| 1.1 Førebyggande innsats er forankra i lov og regelverk.... | side 4 |
| 2. Rullering av planen.....                                 | side 4 |
| 3. Målgruppe.....   | side 4 |
| 4. Hovudmål for arbeidet.....                               | side 5 |
| 5. Satsingsområder og delmål.....                           | side 5 |
| 6. Strategiar .....   | side 5 |
| 7. Tiltak.....  | side 5 |
| 8. Faste aktivitetar.....                                   | side 7 |

# **PLAN FOR UNGDOMSARBEIDET I BALESTRAND KOMMUNE.**

## **1. Bakgrunn for planen.**

I kommuneplanen – Balestrand kommune – samfunnsdelen står det m.a.

- Gjennom målmedviten styring og samarbeid skal ein oppnå at barn og unge får trygg og inspirerande oppvekst og læring
- Gjennom eit tverrfagleg barne -og ungdomsteam skal det arbeidast med eit konkret, tidleg og samordna tilbod til barn og elevar som treng det.
- Kommunen skal legge til rette for eit heilskapleg barne -og ungdomstilbod i kommunen.
- Samarbeid med frivillige organisasjonar skal prioriterast.
- Det skal vere eit kontinuerleg fokus på born og unge sin trivsel og tiltak for å hindre mobbing.
- Kommunen skal legge til rette for drift av eit ungdomsråd som skal vere ein samarbeidspart i høve tilrettelegging for born og unge.
- Det er viktig å understreke behovet for at alle har eit ansvar for at heile systemet fungerer.

I Handlingsprogram og økonomiplan 2014 har Balestrand kommune m.a. sett opp desse målsetjingane:

- Gode oppvekstvilkår for born og unge.
- Eit trygt og helsefremjande lokalsamfunn med ynskje om at:
- Bruk av rusmiddel ikkje skal auke
- Ungdomen sitt hus og ungdomsklubben skal vere godt fungerande
- Utarbeide barne – ungdomsplan
- Ungdomsrådet er høyringsorgan for ungdomen.
- Barne- og ungdomsteamet skal fungere etter føresetnadane.

I Balestrand kommune er ungdomsarbeidet ein del av kommunen sitt samla ansvar for unge sine oppvekstvilkår og skal mellom anna ha ein førebyggande funksjon

## **1.1 Førebyggande innsats er forankra i lov og regelverk.**

*«Kommunene har et ansvar for at barn og unge får gode oppvekstvilkår og for å forebygge psykiske og sosiale problemer. Kommunale beslutninger og prioriteringer får ofte direkte betydning for barn og unge. Etter folkehelseloven har kommunen, fylkeskommunen og staten ansvar for å fremme befolkningens helse, herunder utjevne sosiale helseforskjeller. Barn og unges helse og trivsel er en viktig del av dette ansvaret.» (Rundskriv Q-16/2013 Forebyggende innsats for barn og unge)*

Helse- og omsorgstenestene skal bidra i kommunen sitt folkehelsearbeid, og dei skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn og unge. Ungdomsarbeid og ungdomsklubb er blant desse tiltaka og det skal lagast eit handlingshjul/ årshjul som viser kva aktivitetar det til ei kvar tid vert jobba med.

Eit godt oppvekstmiljø vert skapt gjennom et tett samspel mellom offentlege aktørar, familie, nærmiljø og positive krefter i lokalsamfunnet. Å legge til rette for at barn og unge får ein god oppvekst er eit samfunnsansvar som mange deler, og som ungdomsarbeidet skal bidra til.

## **2. RULLERING av planen.**

Planen skal rullerast ein (1) gong kvart 2. år og leggast fram for kommunen sitt planutval.

## **3. MÅLGRUPPE.**

Primært ungdom i alderen 13 – 18 år.

## **4. HOVUDMÅL FOR UNGDOMSARBEIDET.**

**Legge til rette for auka livskvalitet og buglede i Balestrand**

**Skape ein attraktiv kommune med gode tenestetilbod, kultur- og næringsliv.**

Balestrand kommune skal vere ein god stad for ungdomane å opphalde seg.

Balestrand skal vere ein stad der ungdomane, uansett etnisk bakgrunn skal kunna trivast, ha trygge og inkluderande nærmiljø som gir gode muligheter for læring og utvikling.

Ungdomsarbeidet i Balestrand skal bidra til måloppnåing, og dermed til førebyggande tiltak retta mot barn og unge .

Ungdomane skal få lyst til å flytte tilbake etter ferdig utdanning.

## **5 . SATSINGSOMRÅDE OG DELMÅL**

- Alle barn og unge skal ha eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø.
  - Rusmiddelførebyggande arbeid skal inngå i opplæringa.
  - Omfanget av rusmiddelbruk og kriminalitet skal ikkje auke.
  - Det skal vere nulltoleranse mot mobbing i skule og fritid.
  - Det skal arbeidast aktivt for å motvirke rasistiske og diskriminerande haldningar.
  - Det skal vektleggast gode kost – og aktivitetsvanar
  - Trafiksikkerheit skal vere ein viktig del av eit trygt og godt oppvekst – og nærmiljø.
  - Barn og unge med nedsett funksjonsnivå skal ut frå sine forutsetningar ha rammer som gir vekst og utvikling på lik linje med andre barn og unge.
  - Det skal leggast til rette for gode kulturelle opplevingar.
  - Ungdomsrådet skal ha gode arbeidsvilkår.
  - Ungdomsklubben skal fungere godt og ha god overordna styring.
  - Det skal vere tilsett ungdomsarbeidar
- Entreprenørskap, medverknad og kultur og fritid skal prioriterast.

## **6. STRATEGIAR.**

- Undervisninga skal vera tilpassa den einkelte elev si evne til læring, og elevane skal ha gode arbeidsvilkår.

- Utdannings – og yrkesrettleiinga i grunnskulen må i stor grad vera basert på samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Kjensla av tilknytning viser seg å vera avgjerande for om ungdom vel å verta verande/ flytte tilbake til heimkommunen. etter endt utdanning. Grunnskulen og lokalt næringsliv har difor eit ansvar for å gje barn og unge kunnskap og erfaringar frå lokalt næringsliv.  
Ungdomsundersøkingar viser at kontakt med ungdom som er borte for å ta utdanning, er avgjerande for å halde vedlike kjensla av å høyre til – og for event. tilbakeflytting.
- Skape ein attraktiv kommune med gode tenestetilbod, kultur – og nærmiljøkvalitetar. Kultur og fritid som skapar trivsel og lokal identitet. Utfordring: Betre kollektivtransport mellom utkantane og sentrum. Aktiv medverknad frå ungdommen på mange plan. Barne – og ungdomsrepresentanten i kommunen har ei nøkkelrolle her.

## 7. TILTAK.

- Det fysiske miljøet i skulen skal til ei kvar tid vere i samsvar med dei faglege normene.
- Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø der den einkelte elev kan oppleva tryggleik og sosial tilhøyrighet. Dersom tilsette ved skulen får kjennskap til - eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord, handlingar som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme, skal vedkomande straks ta tak i saka og varsle skuleleiinga. Dersom ein elev eller ein forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, mellom anna tiltak mot krenkjande årferd som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme, skal skulen snarast muleg ta saka opp til handsaming etter reglane om einkeltvedtak i forvaltningslova.
- Gjennom SLT skal det arbeidast med å styrke gode og positive haldningar. Det skal arbeidast systematisk for å fremje helse, miljø og tryggleik ved å oppretthalde ei god skulehelseteneste. Medvirke til tverretatleg – tverrfagleg team som samarbeider innan rusførebygging.
- Kommunen skal prioritere og legge til rette for kultur – og fritidsaktivitetar som skapar trivsel og lokal identitet. Kulturskulen skal ha gode rammer som gir mulegheit for vidare utvikling . Auke satsinga på deltaking i UKM. (ungdommens kulturmönstring)
- Gjennom oppfylgjing av intensjonane i Sjumilssteget skal ein sikre at dei unge sine interesser vert ivaretakne i saker etter plan – og bygningslova.
- Styrke ungdommen sitt høve til medverknad ved å gi ungdomsrådet god opplæring, nytte ungdomsrådet som høyringsinstans i saker som vedkjem ungdom, og mulegheit til å delta i ungdomens fylkesting. Tettare samarbeid mellom ungdomsrådet og elevråda ved Sagatun skule og Sygna vidaregåande skule
- Leggast vekt på å ha eit godt samarbeid med ungdomane ved Sygna vgs
- Det skal utarbeidast ein aktivitetsplan for ungdomsarbeidet.

## **FASTE AKTIVITETAR:**

- Med utgangspunkt i ein oppsett aktivitetsplan har Ungdomsklubben / ungdomsrådet i samarbeid med vaksne ansvar for aktivitetar i Ungdomen sitt hus.